



ÅRSMELDING 2020

Sykylven sokneråd

ÅRSMELDING SYKKYLVEN SOKNERÅD 2020

Koronaåret 2020

Soknerådet vil rose og takke tilsette og frivillige som har utført eit fantastisk arbeid i denne utfordrande Covid 19 tida, som også kyrkja har vore i. Spesielt vil vi nevne tilpassing og kreativitet ved bruk av digitale medier og informasjon gjennom media. Overføring av gudstenester og søndagsskule.

«2020 vart eit år med mange hindringar, men også nye erfaringar og idear vi kan ta med oss vidare.» Kommentar frå kantor Rose.

Sykylven sokneråd har hatt fylgjande medlemar :

Sokneprest: Simen Elias Nordbrønd Myklebust

Leiar: May Lisbeth Hovlid Aurdal

Nestleiar/skrivar: Torbjørn Støylen

Nestleiar 2 Bjørg Djupvik Grebstad

Medlemar: Monica Breivik Orre,

Therese Kristin Utgård, Linn Kristin Tårnes,

Morten Hjellegjerde (1.vara møter fast)

Tor Mørkeseth (2.vara møter fast)

Varamedlemar: 3.Marit Helen Akslen, 4.Astrid Breivik, 5.Therese Brunstad.

Antal soknerådsmøter : 5 møter 2 fysiske og 3 digitale møter

Antal saker handsama: 31 saker

Fellesmøte Ikornnes/Sykylven sokneråd:

Sak 1 Digitalt innspelsmøte

Kyrkjerådet inviterte råda til eit digitalt innspelsmøte der ei prosjektgruppe både orienterte og innhenta innspel til prosjektet om framtidig organisering av Den norske kyrkja.

2 timars møte med denne agendaen: «Introduksjon til prosjektet. Presentasjon og innspel på utvalgte problemstillingar. Spørsmål og svar-runde. Oppsummering og veien vidare.»

Sak 2 Givarteneste

I lys av økonomiske utfordringar knytta til meirforbruk og «tapping» av fond for trusopp-læringsarbeidet vedtok sokneråda å sette fokus på:

Korleis nå vidare – sette givarteneste på dagsorden og å motivere til givarglede.

Av saker i Sykylven sokneråd 2020 kan nemnast:

- Årsmøte/årsmelding
- Val leiar, nestleiar, sekretær
- Givarteneste. Korleis motivere til giverglede
- Misjonsavtalar
- Satsar og reglement ved utleige av kyrkjene
- Diakonalt arbeid / diakoniutval
- Høyringsutalelsar til kirkerådet
- Utsmykking og møblering våpenhuset
- Korleis være kyrkje i spesiell korona situasjon
- Fullmakt fastsetting/utsettning konfirmasjonsdatoar 2020
- Kyrkjemesse 2020 vurdering
- KyrkjeTV Søknad til digitale prosjekt

Vi viser til møtereferata som ligg på heimesida til Sykylven kyrkje (www.sykylven.kyrkja.no/Om-oss/Sokneråda) for meir detaljert informasjon.

Kirkens Nødhjelp kontakt: Janne Beate Svindset og Morten Hjellegjerde
Kirkens SOS repr.: Torbjørn Støylen
Representant i misjonsutvalet: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Therese K. Utgård,
Representant i barne, ungdom- og familieutvalet: Monica Breivik Orre.
Representant i kyrkjemesestyret: Bjørg Djupvik Grebstad
Representant i utsmykningsnemndene: Marit Helen Akslen og Simen E. N. Myklebust.

Den norske kyrkje har desse måla for arbeidet:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekirkja engasjerar seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Desse måla let vi klinge med, når vi ser på arbeidet i Sykkylven kyrkjelyd.

Diakoni

Kristin Kjemphol Lohne vart tilsett som diakon i august 2019, og kom tilbake frå barselpermisjon i oktober 2020. Saman med sokneråda arbeider ho med å opprette felles diakoniutval for Ikornnes og Sykkylven. Medlemmane frå Sykkylvsida er klare, medan medlemmar frå Ikornnes er fortsatt under utarbeiding. Ein håper på å få til eit første møte med diakoniutvalget i februar/mars i 2021.

Diakon, sokneråd, frivillige og kyrkjelyden har ein innhaldsrik diakoniplan å navigere etter. På grunn av koronasituasjonen, har diakonen vore kreativ og forsøkt å utføre diakoni på andre måtar enn tidlegare. Dette har blant anna resultert i mange gode samtalar via telefon. Ein har også tatt fram det gode gamle julekortet og sendt julehelsingar. Dessutan har diakonen hatt fokus på å oppmuntre frivillige i kyrkja. Til tross for restriksjonar i forhold til å kunne møtast fysisk, har ein allikevel fått til nokre møtepunkt. Her kan nevnast allsangstunder og julegudstjeneste på Buas.

Koronasituasjonen har gjeve tid til planlegging av forslag til framtidige diakonale tiltak.

Nokon av desse planlagte tiltaka er:

- Sorgseminar
- Temakveldar om «Korleis møte kvarandre når livet buttar imot»
- Ringetjeneste etter gravferd
- Besøksteneste
- Faste trefftider på Buas
- Invitere bebuarnene på Buas til påske og julegudstenester i kyrkja
- Vekentlege sangstund/andakt på Buas
- Felles påskemåltid etter gudstenesta skjærtorsdag
- Middag etter gudstenesta 1 gong i månaden
- Invitere til allsang i kyrkja saman med mennesker med funksjonshemmning til jul og påske

Misjon og misjonsutval

Misjonsutvalet jobbar for at misjon skal vere ein integrert del av kyrkjelyden sitt arbeid, saman med frivillige og tilsette. Gjennom gudstenestearbeidet, forbøn, offer, informasjon og inspirasjon. Stoff frå Thailand og Kirkens Bymisjon vert jamnleg lagt inn på heimesida, med oppfordring om fast givarteneste til misjonsprosjekta.

Vi kan bli betre, gjennom å aktivt bruke inspirasjonsstoff, både verbalt i gudsteneste og andre samlingar, og visuelt på skjermar og heimeside. Trua kjem av forkynnингa, og det er viktig at alle aldrar vert utfordra til å dele tid, ting, tru og talent. Kyrkjelyden har fornya misjonsavtale i Thailand med NMS og Kirkens Bymisjon Møre for 4 år. Med DNI har ein felles prostiavtale. I forbindelse med den nasjonale aksjonen «Sammen som kirke i hele verden» vart det frå SMM oppretta ein Spleis-aksjon til NMS.

Barne-, ungdoms og familieutval (BUF)

Ikornnes og Sykkylven sokneråd har felles barne, ungdoms- og familieutval med leiar Marit E. Lunde. BUF har normalt to møter i halvåret, men få møter i 2020 av smittevernheimsyn. Våren 2020 jobba ein hovudsakleg med den lokale Plan for trusopplæring. BUF-utvalet arbeider tett saman med trusopplærar og ungdomsarbeidar.

Samarbeid mellom utval

Det er viktig å sjå dei ulike utval sitt arbeid i høve til kvarandre, gi kvarandre innspel og arbeide saman. Misjonsutvalet sitt mandat seier: «*Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer, for barn, ungdom og vaksne*». Misjonsutvalet har oppfordra sokneråda til å tenke misjon innanfor dei eksisterande tiltaka, framfor å lage nye tiltak for misjon spesielt.

Bispevisitasen gav denne utfordringa: «*Misjonsdelen i trusopplæringsplanen er for liten og for lite konkret slik den er no. Dette kan jobbast vidare med*».

Leiarar i ulike tiltak: Leir, XLR8, fredagsklubben, søndagsskule, maxigjeng, tweens, konfirmantarbeid, familiemiddag, sang og korarbeid og gudstenester kan gjerne etterspør innspel frå misjonsutvalet, for å vere med å gi innhald med misjonsperspektiv.

Sykkylven kyrkjelyd er medlem i NMS gjennom familiemiddag blant anna. Her er det stoff og besøk å hente inn i trusopplæringa. Slik kan ein gi kvarandre drahjelp, og skape heilskap i arbeidet. Gudsteneste med misjonsfokus, misjonsavtale-markering, middag og misjonsløp etter gudstenesta.

Onsdagsmiddag

Onsdagsmiddag vart arrangert fram til mars, og frå september berre ein gong i månaden. Det er eit tiltak som sprer mykje glede, men det krever meir personell når ein har høgare smittevern.I normale tider varierer det frå 50-80, nokre gonger 100. På oddetalsonsdagar er alle velkomne, både barnefamiliar og alle som kan tenke seg å dele måltidsfellesskap saman med andre. Middagstilbodet er med andre ord ikkje berre for dei som syng i kor, men eit tilbod til alle. Ein kan kjøpe seg rimeleg middag og få eit sosialt og godt måltid før ein skal vidare. Ein fin sjanse til å møte både nye og gamle landsmenn og til å invitere med seg nokon. Slik kan dette fungere som eit diakonalt tiltak også, i tillegg til at overskotet går til misjonsprosjektet i Thailand. Misjonsinformasjon vert gjeve på nokre av middagane, med bilder / brosyrer. Samarbeid mellom kyrkje og misjon, sørgar trufaste middagskokarar for.

Avlyste arrangement

Fleire planlagte arrangement måtte avlysast pga Covid 19

Medhjelparfest /Årsmøte, Kyrkjemesse og Seniordag.

Godheitsveka: Det vart ikkje gjennomført godheitsveke lik tidlegare år, men styringsgruppa ordna med ein påminnings- og oppmuntringsaksjons dei 3 første vekene av november. I om lag 15 butikkar rundt om i bygda vart det plassert ut skåler med Godheitsveke-drops (spesialbestilt med eigen logo) og kort med påminning om å glede andre. Sosiale medium (instagram) vart også nytta.

Gudstenester

2020 vart eit svært annleis år, men eit år der Gud opna nye dører for evangeliet. Kyrkjelyden vår har vore under dei strengaste restriksjonane i nyare tid og vi har ofte måtte avlyse møta våre eller møttast med restriksjonar. Saman har vi vore med på ein internasjonal dugnad som vi også har nytta godt av og vårt viktigaste bidrag var det evige håpet i Jesus Kristus.

Mål som vi også vert oppfordra til frå bispedømet og Dnk nasjonalt er å integrere misjonsavtalane i gudstenestefeiringa gjennom konkret forbøn, informasjon og innsamling. Dette for å bevisstgjøre at vi er ein del av Kristi verdsvide kyrkje som vi sei ved kvar dåp.

Koronapandemien gjer ikkje forskjell på folk, den rammar heile verda, men den rammar likevel ulikt fordi muligheiter for tiltak er ulikt i fattige og rike delar av verda.

I 2020 vart det samla ei lita gruppe frivillige til å utforme forbøner i gudstenester. Dei laga eigne forbøner til advent og jul, og det vart gitt gode tilbakemeldingar på at det er konkret og personlege bøneemner, tilpassa dei faste forbønsledda. Soknepresten tok initiativ til dette og set pris på innsats og involvering, og håper på meir av det i åra framover.

På ein måte var 2020 eit år med lavt gudstenesteframmøte med berre 4920 deltakarar på gudstenester mot mellom 10-15 000 dei siste ti åra. Samtidig var 14 399 innom ei nettgudsteneste eller såg direkte frå ei gudsteneste i kyrkja. Når vi i tillegg tenker på alle som har fått gudstenester i skriftleg form i avisar, vart 2020 eit år der vi nådde enno fleire enn vanleg. Staben søkte og fekk løyve til å ha Drive-in-gudsteneste, noko vi hadde mellom anna 17.mai og mange bilar med sjåførar/passasjerar fylte plassen framfor Sykkylven kulturhus. Vi fikk gjennomført konfirmasjonar og julefeiring ved å sette opp fleire gudstenester enn vanleg og begynne med kyrkjevandring for dei minste. Viser til statistikken på dei siste sidene.

Digitalisering

Tor Sevrin Erstad vart mykje brukt til streaming av gravferder, og etterkvart også til gudstenester. Drive in gudstenesta var streama av Kjell Stave. Brødrene Rasmus Elias og Simon Arne Myklebust streama m.a. konfirmasjonsgudstenestene i oktober.

Elles vart det mykje nybrotsarbeid knytta til videoinnspeling av sang, musikk, andakter til gudstenester og digitale helsingar. Ulike solistar, musikarar, sang- og musikkgrupper, kor og korps leverte inn sine innslag, og gjorde ein flott insats ved å vere med på dugnaden. Katrine Numme har gjort ein stor jobb med redigering av flesteparten av desse publiseringane. Søndagsskulen gjorde også innspelingar slik at barna kunne delta på digitale søndagsskulesamlingar.

2020 har gitt oss mykje verdifull erfaring knytta til den digitale verdenen som vi vil dra nytte av i tida framover. Det er også slik at vi er godt i gang med eit KyrkjeTV-prosjekt med fast installasjon i Sykkylven kyrkje. Dette skjer med grunnlag i økonomisk støtte mellom anna frå Sykkylven Rotaryklubb, Møre bispedømeråd og Den norske kyrkja sentralt (koronamidlar). Planen er å gjennoppta overføringa av gudstenester til BUAS (sjukeheimen), samt at alle som vil kan delta i gudstenester via heimesida vår.

Dåp

2020 vart 41 born døypte i Sykkylven kyrkje. Til samanlikning vart 48 born vart døypte i 2019. Det vart døypet 37 i 2018. 2020 vart eit annleis år for dei som ville ha dåp. Totalt var det ikkje store endringar i kor mange som vart døypet, men mange vart døypet i eigne gudstenester. Dette opplevde både ansette og dåpsfølget som positivt og dåpsfamiliane har tilpassa seg godt.

Det er viktig å nå ut til foreldre med invitasjon til dåp. Sidan ein ikkje har same informasjons tilgangen angåande nyfødde, har vi ikkje høve til å sende invitasjon til medlemar som får barn. Det vert viktig med nye og gode strategiar for å nå ut med invitasjon. Både Dnk nasjonalt og på Bispedøme har dette som satsingsområde, og har laga inspirasjonshefte for kyrkjelydane. Tilsette i kyrkja, men også andre kan vere med å invitere til dåp, og dele kva dåpen gir.

Vigslar

Det var 8 vigslar i 2020, berre ein mindre enn i 2019. Nokre måtte flytte til andre tidspunkt, men alt i alt gjekk det godt føre seg.

Gravferder

Gravferder har gått utan stopp igjennom heile unntaksåret. Sjølv om det til tider har vore svært få deltagarar, så har vi hatt så godt som ingen problem knytt til dette. I dei få tilfella at folk har blitt stoppa i døra pga for høgt antal, har dei møtt det med forståing. Samfunnet har løfta opp gravferder som eit kritisk arbeid som vi utfører og vi takker Gud for at ingen vart smitta av korona i Sykkylven kyrkje i 2020.

Husgrupper

Fleire hus- og bønegrupper samlast utanom gudstenestene. Dei kan symbolisere eine vingen av eit fly, der gudstenestene er den andre. Skal Sykkylven kyrkje "fly", er samlingar med andre kristne med bøn og bibel viktig. Husgruppene har høve til å følge same bibelopplegget som gudstenestene. Vi ynsker at gjestfridom i heimane kan spele ei enda større rolle i måten vi gjer Sykkylven til ein god plass å bu. Grunna strenge smittevernreglar vart nokon av husgruppessamlingane lagt til kyrkjekjellaren.

Meditasjons og bønesamlingar

I kapellet kvar torsdag, skjer eit viktig arbeid. Det er kanskje ikkje like synleg eller nemnt som mange andre oppgåver, men dette viktige meditasjon og bønearbeidet er med å bere anna arbeid. Guds ord løfter fram bøn og bønnens medarbeidar som grunnleggande viktig.

Samlingane har ein kort liturgi.

Det var retreat i Sykkylven kyrkje 31.10. leia av prest Øystein Braaten.

Gruppa frå torsdagssamlingane i kyrkja som la til rette for ein god retreatdag.

Økonomi

Pr. 31.12.2020 har Sykkylven sokneråd kr. 2 353 805,- i diverse fond. Dette er ei auke i fonda for Sykkylven sokneråd med kr. 188 954,-, mens felles fond saman med Ikornnes sokn hadde ein nedgang på kr. 341 777,-. Størstedelen av bruken frå felles fond gjeld løn til trusopplærar, ungdomsarbeidar og diakon. Detaljert regnskap kan ein få ved å ta kontakt med kyrkjeverjen.

Fast gjevarteneste

Fast gjevarteneste var sak i både ord og bilder på felles SR møte med Ikornnes og i Sykkylven sokneråd. Kyrkja i Sykkylven-Ikornnes er aktive kyrkjer/kirkjelydar med mange arrangement der vi når mange av bygdas innbyggjarar. Det kostar å drive eit så omfattande arbeid og vi er difor avhengige av økonomiske bidrag, særleg med tanke på det økonomiske ansvaret sokna/sokneråda har for trusopplærar, ungdomsarbeidar og diakon.

Sokneråda vedtok å sette fokus på: Korleis nå vidare – sette givarteneste på dagsorden og motivere til givarglede: Forkynning på gudsteneste og samlingar. Meir synleg i tekst og bilder på skjerm i våpenhus, heimside, facebook/instagram, og Sykkylvsbladet/Nyss. På heimesida har soknerådsleiar skrive artikkel og utfordra til givarteneste. Der ligg også informasjon og skjema der ein enkelt kan melde seg på der ein kan lese:

«Med større ressursar vil vi nå fleire. Takk for at DU vil være med!
Intensjonen er å sikre støtte til arbeidet i våre kirkjelydar og å sjå vidare utover oss sjølve og eigne kirkjelydar.

Kyrkja i Sykkylven-Ikornnes er aktive kyrkjer/kirkjelydar med mange arrangement der vi når mange av bygdas innbyggjarar. Det kostar å drive eit så omfattande arbeid, og vi takkar for at du kan være med å bidra til dette!

Kirkjelydane har også eit aktivt misjonsperspektiv med misjonasavtalar med både NMS (Det norske misjonsselskap) og med Kirkens bymisjon Møre. Difor kan du også velge å teikne gjevarteneste til desse formåla.

"Kvar må gje det han har bestemt seg for i sitt eige hjarte,
ikkje med ulyst eller av tvang. For Gud elskar ein glad gjevar."
2. Kor. 9,7.

Samla gåvebeløp vert innrapportert ved årets slutt slik at du kan få skattefradrag.»

Pr. 31.12.2020 er det 31 faste gjevarar som til saman gav kr. 212 750,-. Dette er 5 fleire enn i 2019 og utgjer ei positiv auke på 20%. Det er likevel eit godt stykke igjen til mål-settinga om 50 faste gjevarar, for å unngå meirforbruk og «tapping» av opparbeida fond.

TRUSOPPLÆRINGA 0-18 ÅR

I trusopplæringa har kyrkjelydane Ikornnes- Sykkylven ansatt to personar. Katrine Numme er ansatt i 100 % stilling som ungdomsarbeidar og Anna Myklebust er ansatt som trusopplærar 80 % stilling. Trusopplærar har ansvar for trusopplæringa frå 0-12 år, og ungdomsarbeidar har leiaransvar for trusopplæring frå 13-18 år. Desse stillingane er dels finansiert av trusopplæringsmidlar og innsamla midlar plassert i fond.

Viktigst er då sjølvsagt samarbeidet med alle dei frivillige i kyrkjelyden og resten av staben som bidreg på ulike måtar og opnar opp kyrkjene for born og unge.

Trusopplæringa skjer først og fremst i heimane, men i kyrkja ønsker vi å bidra med trusopplæring som:

- vekkjer og styrkjer kristen tru
- gir kjennskap til den treeinige Gud
- medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv
(plan for trusopplæring, GUD GIR- VI DELER)

Samarbeid med organisasjoner

Vi samarbeider med fleire, bl. a. Sprell levende- søndagsskule forbundet, Ung kirkesang, Misjonsungdomslaget, KFUK-KFUM, KRIK, Laget, NMS og NLM. Barnekora, småbarnssang og babysang er tilknytta Ung kirkesang. I ungdomsarbeidet samarbeider vi spesielt med KFUK-KFUM (BlesSing, Ten Sing), Laget og KRIK. Vi gjer erfaringar at samarbeid med andre som driv liknande arbeid er viktig.

Viktigaste erfaringar i 2020

Både trusopplærar og ungdomsarbeidar har hatt fokus på faste tiltak i kyrkjelydane, og også korleis vi skulle tilpasse arbeidet under pandemien. Våren var prega av avlyste arrangement med kor, men hausten kunne vi å halde på nesten som normalt med øvingar.

Babysang

måtte stenge ned i mars, men vi har hatt gode møter nesten gjennom heile hausten.

Barnekor

Småbarnssang 2-3 år annankvar onsdag, etter onsdagsmiddag. Ny leiar Hege Ø. Bårnes Barnekoret Super (4-7 år) kvar onsdag, v/ Anna Myklebust og Natalia Albornoz Leknes. Vi har dessverre ikkje kor for alderen 8-12 år, men der er med to frå Vik i Jippikoret.

Bibel 5.klasse

Fast tiltak at trusopplærar og prestar besøker 5. klassingar i ein skuletime og har undervisning om Bibelen. Dette skjedde rett i forkant av korona-nedstenging, og vi fekk ikkje tid å dele ut Bibel. Resultatet vart Bilrebus. Oppmøte for kullet vart mindre enn vanleg, men dei som deltok synes det var kjekt å vere med og fekk Bibelen på slutten av runden.

Fredagsklubben

vart arrangert 5 gongar før korona-nedstenging. Det har ikkje vore mulig med den type arrangement i haust med mange smitteverns-hensyn.

Tårnagent - 10-års dåpsdag - påskevandring
vart ikkje gjennomført pga utfordringar med smittevern.

Kyrkjebok for 4 åringer og 6 åringer, Barabbas-bok for 5-åringar vart utdelt i postkasser på vårparten. Heile kullet fekk då ei bok heim til seg, i staden for at berre dei som kjem til kyrkja for å hente boka. Det gir ein fordel at mange fleire barn får gava si, men dei mister også opplevinga av å kome til kyrkje.

Kick-off weekend

Vi har i 2020 hatt fokus på å dra i gang Kick-off weekend for å bidra til gode fellesskap i kyrkjelydane. Det var ein flott dag i august for alle generasjonar på Orreneset. Denne gongen vart det ein dag, i staden for ei heil helg.

Søndagsskule

Vi har ein oppegåande søndagsskule driven av frivillige i samarbeid med tilsette, og har fått ny erfaring med digitale løysingar. Frå mars til sommar var det digitale søndagsskule på YouTube, og det vart ei fysisk samling ute med søndagsskuleavslutning. Hausten var det søndagsskuletildelbod i kyrkjene.

3-års samling

Hausten 2020 vart det innført 3-års samling, for barn som har fått barnebibelen. Pga smitterestriksjonar var det ikkje so mange, men det var spennande for dei som kom, og familiene uttrykte det var kjekt.

Klubben Tweens på Ikornnes har ikkje vore driven under korona-nedstenging.

Suburban Move vart ikkje arrangert pga smittevern.

Småbarnssang er same dagar som onsdagsmiddagen.

Leiar for småbarnssang i vårhalvåret var Berte Helen Støylen Hole, og på hausten Hege Ørjansen Bårnes. Det var flotte samlingar med songglede for barn frå 0-3 år. Det viste seg på hausten at det var vanskelegare å samle barna når det er smitteverns-tiltak og sjeldnare frekvens enn tidlegare.

Julevandring og julegudstenste

Barnehagane deltok på julevandring i staden for gudsteneste før jul. Dette vart initiert av Monica Orre som er ansatt i Vikedalen barnehage, og som kontakta kyrkja for idemyldring. Gruppene fekk gå rundt inne i kyrkjene, og det gav ei nærheit til julefortellinga og mange gode opplevingar.

I kyrkje-skule samarbeidet inngår det skulegudstenester før jul, i 2020 vart det ein ny variant av denne pga antals-restriksjonar på 50 stk i kyrkjene. Det vart tilbod om både julevandring (ute og inne i kyrkja) og julegudsteneste, og det vart til slutt to skular som deltok kun på julevandring, ein skule hadde skulegudsteneste for alle elevane, og tre skular hadde julevandring for 1.-5. klasse og eiga skulegudsteneste for 6.-7. klasse. Førebuing med juleteikningar i 5. klassar og pynting av englar (4.klasse) bidrog alle dei deltagande skulane med.

Materiell

Vi har mykje godt materiell. Fadderposen har blitt innført frå januar 2017 og er med å sikre at fleire døypte får gavene får kyrkjelyden. Vi har fortsatt eit potensiale for å utvikle heimesida og å bruke digitale verkemiddel til å presentere trusopplæringsarbeidet.

UNGDOMSARBEID 2020

BlesSing hadde nokre samlingar på Zoom. Det vart ikkje mykje sang, men kjekt å kunne prate saman og være i fellesskap på den måten. Så fort ting åpna opp litt, begynte BlesSing

med øvingar på Ikornnes, som andre kor i kyrkjene, til stor glede for ungdomane. Hausten 2020 fekk Blessing øve som normalt i Sykylven kyrkje, med godt smittevern.

XLR8 hadde to samlinger før kyrkja stengde i mars. Resten av samlingane på vårparten vart avlyst, men det var kjekt å gå «live» på Facebook to ganger. Vi hadde Kahoot med premie og ungdommer som sang og spilte. Hausten gjekk som planlagt og vi hadde fine ungdomskveldar saman med kjekke ungdommer.

KRIK har gått som normalt med godt smittevern.

Konfirmasjoner blei utsatt til hausten 2020.

Skolelaget har ikkje vore aktivt sidan mars pga. det vil kreve at ein samlar ulike kohortar på ein plass, og det er noko skulen ikkje ynksjer inntil vidare.

Hausten 2020 var også prega av tida vi er i, men vi har fått samle ungdommar til Blessing, KRIK og XLR8. Dei er ikke mange, men det er kjekt med dei som kjem. God kvalitetstid og relasjonsbygging. Eit viktig fokus på kvalitet og ikkje kvantitet.

Frivillige

Å ha gode frivillige medarbeidarar er viktig. I 2020 har to flotte unge voksne vore med på KRIK og XLR8. Dei tok ansvar for å være med på XLR8, og ein tok ansvar for KRIK.

Skulegudstenester unge

I kyrkje-skule samarbeidet inngår skulegudstenester før jul. 2020 vart det ein ny variant av pga. maks antall på 50 stk. i kyrkjene. Digitale gudstenester vart laga for ungdomsskulen og videregåande. Elevar var med og sang, leste juleevangeliet, og spela musikk. Trass i at ein ikkje kunne gjennomføre gudstenestene som vanleg, var det fleire gode tilbakemeldingar.

Materiell og kompetanseutviklingstiltak

2020 vart vi godt kjent med sosiale medier og korleis dette kan brukast på ulike måtar. Ikkje nødvendigvis behov for utvikling av nytt materiell/ressurser, men ser nødvendigheit av å jobbe vidare med det vi allereide gjer og bli tryggare på det.

Trusopplæringskonferansen haust -20 vart arrangert digitalt. Her lokalt arrangerte vi ein kveldt med engasjerte frivillige medarbeidarar, trusopplærar og ungdomsarbeidar. Vi såg eit par digitale seminar frå trusopplæringskonferansen, og hadde felles måltid. Eit tiltak som kan vidareførast, og gjerne med utvida tidsramme neste gong.

Andre viktige tiltak er å være med i grupper/forum der ein møter andre som har liknande jobbar som ein sjølv. Ungdomsarbeidar er med i BUF – (barne- og ungdomsarbeider frokost fellesskap for kristne organisasjoner/menigheter på Sunnmøre). Tilsette i barne- og ungdomsarbeid fra IMF, NLM, Laget, Den Norske Kirke og andre menigheter. Samlingar med fellesskap og deling av liv og arbeidet ein står i, samt bønnefellesskap.

Trusopplærar og ungdomsarbeidar er også med i trusopplæringsforum med andre menigheter på Sunnmøre, men det har ikkje vore så mange møter enda. Det er ein god plass for påfyll og erfaringsdeling med andre i samme jobb.

Relevante kurs/utdanning, både for ansatte og frivillige. Vi er i stadig utvikling, og for å kunne følge med på kva som skjer, er det viktig å ha så relevant kunnskap/erfaring som mulig, for å kunne møte ulike situasjoner i arbeidet vi gjer.

Viktigaste erfaringene for ungdomsarbeidet i 2020

Til tross for eit krevande år på mange måtar, var fokuset på ungdommane og det å gjere så godt ein kunne for å gjennomføre dei faste tiltaka. I januar og februar gikk all aktivitet som normalt. Då Norge «stengte» vart det pause i mykje av arbeidet, og fokuset vart å sjå på ulike måtar å fremdeles kunne treffe ungdommar utan å kunne møtes ansikt til ansikt. Den digitale verda og sosiale medier vart ein god «ven» og eit godt hjelpemiddel.

2020 var eit år der alle fikk testa kreativitet, tålmodigheit og motivasjon. Det var eit annerledes år på godt og vondt. Vi har lært mykje, vakse og gjennomført ting på måtar vi ikkje kunne sett for oss. Det har vore store utfordringar, men det er har også vore eit år som har gitt oss mykje. Vi har meir enn nokon gang sett kor viktig det er å ta vare på kvarandre, og dei relasjonene vi har på jobb, men også i livet privat.

Konfirmantar

63 stk starta hausten 2019

Temabolkar i undervisninga:

Gud - skaparen Jesus – Frelsaren, Den Heilage Ande. Truvedkjenninga. Joh. 3, 16. Bøn - Herrens bøn. Gudstenesta – Sakramenta. Seksualitet og etikk. Misjon og dialog. Tema i Nettkonfirmant: Konfirmasjonstida Bibelen. Tru og tvil. Gud vår skapar. Gud og meg. Jesus vår Frelsar. Tilgjeving og nåde. Den Heilage Ande. Boda. Kva er då eit menneske.

Songar i konfirmasjonstida:

Jesus styr du mine tankar. Deg å få skoda. Open the eyes of my heart Lord.

Shout to the Lord. Beautiful. Velsignelsen.

Våren 2019 var det pause fra KRIK pga. få ungdomar som møtte opp og for få leiarar.

Evaluering førte til KRIK-konfirmant som vart ein realitet h-2019. Konfirmantane kan velge mellom KRIK-konfirmant eller «Vanlig konfirmant» med nettoppgåver. 18 KRIK-konfirmanter. Få andre utanom konfirmantane er med på KRIK og det skal jobbast med.

Konfirmasjonsåret til kullet som hadde konfirmasjon i 2020 gjekk som normalt. Vi rakk å bli ferdig med alt undervisningsopplegg før kyrkjene måtte stenge. Men det gjekk utover sjølve konfirmasjonen. Den vart flytta frå mai til oktober.

I oktober var det ikkje mogleg å samle meir enn 200 stk. per gudstjeneste. Det som skulle være 5 gudstenester vart til 10 mindre gudstjenester.

I Sykkylven kyrkje hadde vi 8 konfirmanter av gangen, og kvar konfirmant fikk ha 20 gjestar. Gudstenestene varte i 30 minutt. Det var sett av 30 minutt til bask og for å gjere klart til neste gudstjeneste. Med god hjelp frå ein ungdomsgjeng frå BlesSing og andre frivillige gjekk det fint. Det var *mykje* jobb, men det var også kjekt å kunne gjennomføre konfirmasjonane. Til tross for at gudstenestene varte kun 30 minutt, føltes dei som fullverdige gudstenester med sang, tale, forbørn for konfirmantar og helsing til alle saman. Tilbakemelding frå foreldre var at dei synes det var ei god løysning, og flere gav uttrykk for at dei synes det vart meir personleg når det var færre konfirmantar.

SONG OG MUSIKK

KONSERTAR

2020 fekk ein pangstart med 20 års jubileumskonsert for

Nyttårskonserten, 5.januar: felleskorps med dirigent Rune Bergmann, felleskor med dirigent PROTS, Brazz Brothers og ungdomskorps, solistane Stine Hole Ulla og Stine Regina Tusvik.(arr. Sykkylven Musikkråd)

Gospelkonsert 16.februar: med Askjell Molvær, Sula Trad.Band, Kor Henne (arrangør) og Tricia Boutte-Langlo.

Konsert med Sykkylven Blandakor 10.mars: (arrangør) og Roar Engelberg.

Så kom nedstenginga grunna koronapandemien. Straks det vart opna igjen for publikum, med smittevernreglar om antal, avstand og vask, heldt vi konsertar igjen:

Cembalokonsert på galleriet, 19.juni med cembalobyggjar Randulf Skjærseth, fløyttistar, trompetistar, cembalo og orgel. Galleriet var fullt, og innsamlingsaksjonen til inntekt for cembaloet var med dette i gang. (Arrangør: Rose Iren/Cembalokomiteen)

Sommarkonsert 27.juni med Sykkylven Janitsjarorkester (arr.), Bjørn og Rune Bergmann

Haustkonsert med Sykkylven Gospelkor (arr.) 23.oktober:

Barokk-konsertar 11., 12. og 18.november: 4 stk. på galleriet for 8.klassene, v/kantor

Adventskonsert med Sykkylven Gospelkor (arr.) og Credo Brass&Vokal 6.desember:

Julekonsert 13.desember med BlesSing, Sykkylven Blandakor, Sykkylven Janitsjarorkester, Erlend og Rose Iren.

Med avgrensingar og berre 50 publikumarar, vart dette likevel ein fin julekonsert, streama av Kjell Stave. (Arr. Musikkleiari og sokneråda)

Digital julehelsing:

Sidan vi ikkje kunne ha dei tradisjonelle julekonsertane med alle kor og korps i begge kyrkjene, inviterte vi alle kor og korps til å spele inn 2 julesongar, som vi sette saman til ein digital konsert og la ut på heimesida vår. Laga gjorde gode innspelingar, og Katrine Numme sette det fint saman.

Julenattinè 19.desember: med Velledalskoret (arr.) Vanlegvis har dei full kyrkje til julenattinèen sin. I år fekk dei berre ha 50 publikumarar, derfor heldt dei heile 3 konsertar. Dirigent: Astrid Drabløs.

BUAS vart nærast stengt for besökande i store delar av 2020. Dette førte til at vi ikkje fekk ha konsertar og andakter der slik vi pleier. Vanlegvis er babysang på buas ein gong pr. månad, og alle kora har konsert der to gongar pr år. Endeleg, 10. og 17.november, og 15.desember, fekk diakon Kristin og kantor Rose Iren ha sangstunder i Jettegryta igjen.

Orgelklubb

Orgelklubben i Møre, ved Gunnar Inge Eide og Rose Iren Stave, fekk i 2019 støtte til eit eige bestillingsverk. Dette resulterte i 3 hefte med Folketonesuiter over folketonar frå Møre, av Robert Coates, gitt ut i 2020 på Cantando Musikkforlag. Orgelklubben hadde samling i Sykkylven 6.-8.mars, i Spjelkavik 15.juni, og på Stranda 7.november. Planane om å vitje Robert Coates, og å reise til Nidaros med suitene våre, må vi utsetje til smitefaren er over.

Kantorleiarkurs

For 5.år på rad, arrangerte vi kantorleiarkurs i Sykkylven kyrkje i samarbeid med organisasjonen Ung Kyrkjesong. 30 born og unge frå 4 fylke var samla 31.jan-2.febr. til kurs, saman med 6 instruktørar (kantorar) og andre medhjelparar. Søndagen song deltakarane som kor, og alle fekk prøve seg som dirigentar. Lokal arrangør: Barnekoret Super og Jippikoret ved styra, Anna Myklebust og kantor.

28.-30.august var kantor (instruktør) og 3 jenter frå Jippikoret og BlesSing på vidare kantorleiarkurs i Molde.

Gudstenester, lovsong og musikk

2020 vart eit år med stadig nye reglar for kva som var lov og ikkje. Avstand, antalsbegrensingar, reisebegrensingar og koronavasking vart vanleg. I periodar var kyrkjene heilt stengt, med unntak av gravferd. Lovsangen stoppar ikkje av den grunn! Den må berre finne nye måtar. Gud fortener vår lovsong.

Digitale gudstenester førte til mykje bra arbeid knytt til innspelingar av song og musikk. Nye medarbeidarar har engasjert seg i arbeid med film og lydopptak. Savindri Perera og Rose Stave har gjort fleire opptak med solistar og kor, og orgel for salmesang i heimen.

VURDERING

Soknerådet si oppgåve er å **vekke og nære** det kristne arbeidet i kyrkjelyden.

I forhold til DNK sine mål:

1. Gudstenesteliv som blomstrar. Gjennom koronaåret opplever vi å ha nådd fleire via streama gudstenester enn ved fysisk oppmøte. Vi har eit mangfaldig gudstenesteliv der vi vil fortsette å involvere fleire. Viktig at både form og forkynning kan møte flest mogleg og best mogleg slik at den einskilde kjenner at ein har ein "heim i di kyrkje på jorda".

2. Fleire søker dåp og trusopplæring

Corona-tida har truleg ikkje hatt negativ påverknad på dåpstala i forhold til fødde. Det vart i 2020 døypt 41 born i Sykkylven kyrkje. 48 born døypte i 2019 og 37 i 2018. Eigne dåps-gudstenester vart tilrettelagt for familiene.

Trusopplæringstiltaka har hatt coronabegrensningar, og det har hindra fysisk oppmøte. Dette har gjort at ein ikkje har nådd ut til fleire, som ønsket var.

3. Folkekyrkja engasjerar seg i samfunnet. Gjennom mellom anna diakoni og kreativitet frå diakon, godheitstiltak, fasteaksjon, misjonsprosjekt, kirkens SOS, forebyggande arbeid mellom born og unge. Behovet i bygda syner at kyrkja treng å vere ein aktiv aktør blandt barn/unge. Kyrkjelydsmedlemmar har stort engasjement i samfunnet i møte med medmenneska sine på ulike arbeidsplassar og i nabolag.

4. Fleire får lyst å arbeide i kyrkja. Det er eit langsiktig mål og den måten vi som kyrkje møter frivillige, unge og vaksne vil vere med på å avgjere dette.

Vurdering frå soknerådet:

Arbeidet i kyrkjelyden er godt utført av ein dyktig stab og mange frivillige. Dette året har den normale aktiviteten vorte begrensa. Men kreativitet og digitale løysingar har gjort at ein ikkje har vore utan møteplassar og deling. Kyrkjakaffi på Zoom er eit eksempel.

Ein pandemi som gjer at ein delvis vert forhindra frå vanleg fellesskap, syner behov for at vi som ein skild lemar i fellesskapet engasjerar oss, ser og lyttar til kvarandre gjennom ein telefon, tur og hjelpende hender. Det er eit ynskje om at endå fleire tek initiativ, slik at fleire vert inkludert, sett og samtalt med. Ein slik periode vert det tydeleg at mange sit einsame. Kanskje kan det gi blikk for at sjuke og eldre kan vere forhindra frå deltaking i fellesskapet i vanlege tider også. Kan vi gjere meir for at dei som kjenner seg utanfor kan bli inkludert og likevel vere ein del av kyrkja?

Diakoniplanen understrekar : Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Er vi ei slik kyrkje? Sykkylven - og Ikornnes kyrkjelyd har gjennom sin diakoniplan visjonen: Levande tru – levande liv.

ARBEIDET VIDARE

Det siste tiåret har forsterka utviklinga mot eit meir sekulært, mangfaldig og livsyns-pluralistisk samfunn. Det innebærer at kyrkja si forkynning og invitasjon til dåp, engasjement som sivilsamfunnsaktør og deltaking i trus- og livssynsdialog, vert endå viktigere. Det krev både opplæring i eiga tru, samt visdom til formidling inn i menneske sitt kvardagsliv på ein relevandt og livsnær måte.

Kyrkja: - trusfellesskap, - ikkje meningsfellesskap. Ein stad der tru, håp og kjærleik vertikalt og horisontalt kan erfarast. Vi vil invitere til frivilligkeit og fellesskap, samt bruke sosiale og andre medier aktivt; informasjonsfilm, foto/videogruppe blandt konfirmantane, samt heimesida og Nyss. Vi kan frimodig dele i media til både informasjon og inspirasjon om kva som skjer i kyrkja. Det er viktig å ha ein bevisst strategi og plan rundt dette for kyrkjelyden i vidare arbeid. Vi vil arbeide vidare med det i 2021.

Målsettinga for 2021 er også å satse meir på leiarar til barne- og ungdomsarbeidet. Ein berebjelke i barne og ungdomsarbeidet er ungt ansvar, vaksent nærvær. Erfaringar frå barne og ungdomsarbeid dette feltet er at mange unge ynskjer å delta, men den store mangelen av vaksne, gjer at ein må legge ned arbeid. Frivillige medarbeidarar er eit livsnødvendig fokus i arbeidet for alle aldrar. Moglegheitene er mange for å få frivillige til å engasjere seg i ulike greiner av arbeidet. Viktig med tilrettelegging, informasjon og oversikt over arbeid og behov, samt å spørre om kva som er passande oppgåver for den enkelte. Ein levande kyrkjelyd har medlemar i alle aldrar som engasjerer seg og får glede av alt det gode som skjer!

Sykylven kyrkjelyd vil vitne i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere: **Vedkjennande, open, tenande og misjonerande.**

Vi vil tilbe og vedkjenne trua på den treeinige Gud, saman med den verdsvide kyrkja.

Ved kvar dåp høyrer vi: *"Dette er Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd, og i Kristi verdsvide kyrkje!"* Ei kyrkje utan misjon og som ikkje ser utover seg sjølv, er som eit hus utan vindu, der lyset ikkje slepp til. Kyrkja sitt utgangspunkt er å gi vidare,- dele.

"La riket ditt koma,- la viljen din råda på jorda slik som i himmelen!"

Kyrkja i Møre ønskjer misjonerande kyrkjelydar, der evangeliet frigjer og utrustar til å dele trua gjennom nærvær, handling og ord, lokalt og globalt.

Meir himmel på jorda er Den norske kyrkje sin visjon. Det kan virke som for store ord å bruke til kvardags. Kvar enkelt av oss er kalla til å vere med å bidra til at det skal bli meir himmel på jorda. Gjennom å bruke dei talenta vi har fått i kvardagen vår. Spør kva Jesus ville gjort i situasjonen. Tenke over kva mitt bidrag kan være, for meir himmel på jorda dette året. Meir himmel på jorda– det er et fantastisk samfunnsoppdrag å ha! Gjere livet litt lettare for nokon rundt oss, bidra til å avhjelpe einsemda litt, be for nokon, vise veg til Jesus, være ein god kollega, hjelpe andre til å lukkast, sjå at vi saman kan løfte myke meir enn vi klarer aleine.

I Sykylven kyrkje, i Den norske og verdsvide kyrkje er vi mange som vil lyfte saman. Vi ynskjer å ta med oss erfaringane og idéane frå pandemiåret inn i 2021. Vi håper vi også gjennom det kan vere med å skape **"meir himmel på jorda"** lokalt, nasjonal og globalt.

For Sykylven sokneråd

May Lisbeth Hovlid Aurdal
- Soknerådsleiar -

Torbjørn Støylen
- nestleiar -

Bjørg Djupvik Grebstad
- 2. nestleiar-

År	Tal guds-tenerster	Tal deltagarar	Snitt	Tal nattverds-gudtenester	Tal nattverd	Snitt	Guds-tenerster på søndag og helge-dager	Tal deltagarar på søndag og helgedagar	Snitt	Døypte
2010	68	12452	183	30	2132	71	51	10082	198	60
2011	68	12709	187	30	2519	84	55	10774	196	61
2012	68	13380	198	27	1975	73	55	11323	206	60
2013	70	14218	203	31	2383	77	55	11601	211	49
2014	70	14953	214	32	2689	84	56	12585	225	56
2015	64	12377	193	33	2811	85	51	10466	205	51
2016	65	10479	161	27	1939	72	50	10479	210	40
2017	63	11516	183	36	2729	76	51	7348	144	40
2018	59	11881	201	40	3073	77	50	8469	169	37
2019	60	10921	182	42	2733	65	51	7711	151	48
2020	57 (+32)	4920 + (14399)	86 eller 217	25	1330	53	46	3760	82	41